



Business Region Bergen AS  
Strandgaten 6  
5013 BERGEN

Dato: 24.06.2015

Vår ref.: 2015/3608-5

Saksbehandlar: hanglop1

Dykkar ref.:

## Etablerarfond for Bergensregionen - Tildelingsbrev 2015 - Tilskot inntil kr 1 321 000,- (Tilsegn-074-2015)

Hordaland fylkeskommune har glede av å tildele Business Region Bergen AS 1 321 000 kroner til Etablerarfond for Bergensregionen for 2015. Bakgrunnen for tildelinga er fylkesutvalet sitt vedtak i sak 97/2015 den 23. april 2015 der det vart oppretta ei ordning med tre regionale etablerarfond. Den totale ramma for fonda er på 2 000 000 kroner for 2015, og fordelinga mellom regionane er som følgjer:

| Region                            | Kommunar  | Sum       |
|-----------------------------------|---|-----------|
| Etablerarfond for Sunnhordland    | Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes  | 393 000   |
| Etablerarfond for Hardanger       | Eidfjord, Granvin, Jondal, Kvam, Odda, Ullensvang og Ulvik  | 286 000   |
| Etablerarfond for Bergensregionen | Askøy, Austrheim, Bergen, Fedje, Fjell, Fusa, Gulen, Masfjorden, Lindås, Meland, Modalen, Os, Osterøy, Radøy, Samnanger, Sund, Vaksdal, Voss og Øygarden. | 1 321 000 |

Det regionale etablerarfondet skal nyttast som eit målretta tilskot på inntil 50.000 kroner til ny-etablerte verksemder. Tilskota skal vera i tråd med nasjonale retningslinjer og føringane som er lagt i den regionale næringsplanen, og målsetjinga er å få til ei offensiv satsing på nye gründerverksemder. Etablerarfondet er fordelt slik at kvar region deler ei basisløying på 680 000 kroner (34 %), og dei resterande 1 320 000 kroner (64 %) vert fordelt med utgangspunkt i folketalet i regionane.

Tilskotet blir utbetalt til **Business Region Bergen AS sin bankkonto 3624.24.55880** med heile summen no. Dersom vilkåra i tilseigna ikkje blir følgt, kan fylkeskommunen krevje tilbakebetalt heile eller delar av tilskotet.

### Rapportering, utbetaling og kontroll

#### Rapportering

- Innan 1. mars kvart år skal fylkeskommunen ha rapport om bruken av midlane i dei regionale etablerarfonda. Rapporteringa skal vera basert på tilsendt mal, og attesterast av godkjent rekneskapsførar eller revisor
- Tildeling av tilskot frå regionale etablerarfond skal registrerast i RF-13.50.
- Årleg statistikkrappoort til Kommunal og moderniseringsdepartementet (KMD) skal sendast gjennom RF-13.50. Frist for innsending av rapport er 1. februar.
- I tillegg skal forvaltninga av dei regionale etablerarfonda rapporterast direkte til KMD i samsvar med dei krav som til ei kvar tid blir stilt av departementet.

#### Kontroll

- Fylkeskommunen har til ei kvar tid høve til å kontrollere at vilkåra for tilskottet blir helde. Tilsegnsmottakar pliktar å gje dei opplysningsane som fylkeskommunen ber om.

- Med heimel i Stortinget sitt løvingsreglement har Riksrevisjonen rett til å kontrollera at tilskottet blir nytta etter føresetnadene.

#### *Profiling*

- Tilsegnsmottakar forpliktar seg til å nemne i kvart tilsegnsbrev at ordninga med regionale etablerarfond er finansiert av Hordaland fylkeskommune.
- I medieomtale, internett og andre presentasjoner av regionalt etablerarfond må det også bli nemnt at ordninga er finansiert av Hordaland fylkeskommune.
- Hordaland fylkeskommune ønsker kopi av medieomtalar av regionalt etablerarfond.

#### **Klage/innsyn i dokumenta**

Part eller andre med rettsleg partsinteresse kan klaga på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen De mottar melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til **Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga v/næringsseksjonen, Postboks 7900, 5020 Bergen.**

Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Vi gjer merksam på at De etter Forvaltningslova har rett til å gjere Dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson for desse tilsegna er Hans Inge Gloppen, telefon 55 23 92 88, e-post: [hans.inge.gloppen@hfk.no](mailto:hans.inge.gloppen@hfk.no)

Fylkeskommunen ønsker Dykk lukke til med forvaltninga av det regionale næringsfondet i 2015.

Bård Sandal  
Fylkesdirektør regional utvikling

Arthur K. Arnesen  
Fung. næringssjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Vedlegg: Krav til søknader og prioriteringskriterier